

ØRSKOG KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING
17.09.2015

Kopi til: Ordfører
Revisor
Rådmann

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I ØRSKOG KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

tirsdag, 22.09.2015 kl. 16.00
på rådhuset

SAKLISTE:

- Sak 15/15 - Godkjenning av møtebok frå møte 09.07.2015
- « 16/15 - Vederlag for opphald i institusjon – Notat frå kommunerevisjonen datert 17.09.2015
- Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post harald.rogne@sksiks.no.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I ØRSKOG KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 9. juli 2015 kl. 14.30
Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: Knut Helge Vestre

Elles til stades:

Egil Vestre og Øystein Eide

= **3 voterande**

Inga Helen Støversten hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Ørskog kommune møtte ordførar Torbjørn Fylling og kommunalsjef, Hilde Sørdal i sak 11/15, 12/15 og 13/15.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAK 11/15

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 4. MAI 2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 3. februar 2015 blir godkjent.

SAK 12/15

VEDERLAG FOR OPPHALD I INSTUTUSJON

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 02.07.2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Det seine etteroppgjering for 2012 har ikkje si årsak hos bebuarane, men er eit forhold som skuldast svikt i kommunens interne rutinar. Ørskog kommune må sjølv ta stilling til om denne

svikten skal ha konsekvensar for eit eventuelt krav om tilbakebetaling, jf. regelen om at kommunen har ein rett, men ikkje plikt til å krevje beløpet.

2. Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen ta ein fullstendig gjennomgang av alle etteroppgjer for 2012 og 2013 og at denne gjennomgangen er ferdigstilt tidleg hausten 2015.
3. Kontrollutvalet føreset at rådmannen i si saksbehandling legg til grunn den praksisen som kommunerevisjonen sitt notat legg opp til både i noverande saker og ved kontroll av tidlegare saker.

SAK 13/15

PROSJEKTSKISSE – SAKSUTGREIING OG OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK I ØRSKOG KOMMUNE

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 02.07.2015

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektskissa for saksutgreiing og oppfølging av politiske vedtak i Ørskog kommune.

Ordførar Torbjørn Fylling og Hilde Sørdal forlet møtet.

14/15

EI SAK OM VEDERLAG FOR OPPHALD I INSTUTUSJON, B-SAK

(Saka kom opp under eventuelt)

Leiar fremma forslag om å lukke møtet med visnad til kommunelova § 31 nr. 2 og forvaltningslova nr. 13 om lovbestemt teieplikt for personopplysningar. Lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

Øystein Eide ba om vurdering av eigen habilitet og forlet møtet. Ved votering vart Øystein Eide samrøystes erklært habil.

Øystein Eide tok sete på nytt.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir gjennomgått av kommunerevisjonen og blir ein del av undersøkinga som det er vist til i sak 12/15 punkt 2.

Knut Helge Vestre
leiar
(sign)

Egil Vestre
medlem
(sign.)

Øystein Eide
2. varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Ørskog kommune

Dato: 21.09.2015

**SAK 12/15
VEDERLAG FOR OPPHALD I INSTITUSJON – NOTAT FRÅ
KOMMUNEREVISJONEN DATERT 17.09.2015**

Som vedlegg følgjer:

- Notat frå kommunerevisjonen datert 17.09.2015

Ovannemnde tema har vore til oppfølging i tidlegare møte i kontrollutvalet. I møte 09.07.2015 vart kommunerevisjonen gitt mandatet for undersøkinga som no blir lagt fram. I same møte var også seine etteroppgjer eit tema. Dette kjem fram i punkt 1 i vedtaket frå den dagen og som lyder slik:

Det seine etteroppgjeret for 2012 har ikkje si årsak hos bebruarane, men er eit forhold som skuldast svikt i kommunens interne rutinar. Ørskog kommune må sjølv ta stilling til om denne svikten skal ha konsekvensar for eit krav om tilbakebetaling jf. regelen om at kommunen har ein rett, men ikkje plikt til å krevje beløpet.

Formelt sett er foreldingsfristen 3 år.

I det vedlagte notatet er det først gjort greie for det mandatet kontrollutvalet ga kommunerevisjonen.

Det går vidare fram av notatet at Ørskog kommune, etter kommunerevisjonen si vurdering, har kravd inn kr 111.656,- i for mykje vederlag i tilknytning til etteroppgjer for 2012 og 2013. Summen fordeler seg med kr 46.159,- for etteroppgjer 2012 og kr 65.497,- for 2013. Det er same type feil som er avdekt for alle bebruarane og går ut på at Ørskog kommune har fatta vedtak med tilbakeverkande kraft for å endre betalinga der Ørskog kommune sjølv har gjort feil. For meir utfyllande informasjon blir det vist til notatet.

For enkelte bebruarer utgjør dette store beløp. Det er særskilt viktig for ein kommune sitt omdøme at svake grupper blir behandla korrekt og sikra rettstryggleik. Det er også viktig at det er vilje tilstades for å rette feil av eige tiltak.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

vedtak:

Når det gjeld det seine etteroppgjøret for 2012 som ikkje har si årsak hos bebuarane, men er eit forhold som skuldast svikt i kommunenes interne rutinar blir kommunestyret oppmoda om å ta stilling til om denne svikten skal ha konsekvensar for eit eventuelt krav om tilbakebetaling, jf. regelen om at kommunen har ein rett, men ikkje plikt til å krevje beløpet.

Vidare innstiller kontrollutvalet følgjande overfor kommunestyret:

1. Kommunestyret finn rådmannen si praktisering og oppfølging av regelverket for vederlag for opphald i institusjon i Ørskog kommune kritikkverdig.
2. Kommunestyret føreset at regelverk og rutinar blir følgt for ettertida og at tilbakebetalingar blir gjort snarast.
3. Kommunestyret vil presisere at det er rådmannen som øvste administrative leiar sitt ansvar å sørge for at pkt. 1 og 2 blir sett ut i livet og følgt opp.

Harald Rogne
dagleg leiar

NOTAT

Frå: Kommunerevisjonen
Til: Ørskog kontrollutval
Dato: 17. september 2015

VEDERLAG FOR OPPHALD I INSTITUSJON I ØRSKOG KOMMUNE – ETTEROPPGJER – DETALJERT GJENNOMGANG

1. Bakgrunn

Det blir vist til sak 12/15, behandla i Ørskog kontrollutval 09.07.2015, der kontrollutvalet behandla notat datert 29.07.2015 frå kommunerevisjonen. På bakgrunn av notatet, gjorde kontrollutvalet følgjande vedtak:

- 1. Det seine etteroppgjeret for 2012 har ikkje si årsak hos bebuarane, men er eit forhold som skuldast svikt i kommunens interne rutinar. Ørskog kommune må sjølv ta stilling til om denne svikten skal ha konsekvensar for eit eventuelt krav om tilbakebetaling, jf. regelen om at kommunen har ein rett, men ikkje plikt til å krevje beløpet.*
- 2. Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen ta ein fullstendig gjennomgang av alle etteroppgjer for 2012 og 2013 og at denne gjennomgangen er ferdigstilt tidleg hausten 2015.*
- 3. Kontrollutvalet føreset at rådmannen i si saksbehandling legg til grunn den praksisen som kommunerevisjonen sitt notat legg opp til både i noverande saker og ved kontroll av tidlegare saker.*

Med bakgrunn i kontrollutvalet sitt vedtak, har kommunerevisjonen sett på alle etteroppgjera for 2012 og 2013. Gjennomgangen omfattar også dødsbu.

I tillegg har kommunerevisjonen gått i gjennom dei enkeltvedtak som tidlegare saksbehandlar har gjort med omsyn til fastsetjing av bebuar sitt vederlag for opphald i institusjon i Ørskog kommune. I alt gjeld dette 44 bebuarar. For nærare omtale viser ein til kapitel 3 i notatet.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles, viser kommunerevisjonen til vårt notat av 29.07.2015.

Notatet har vore på høyring hos rådmannen, som ikkje hadde vesentlege merknadar til funna i undersøkinga.

2. Kort om reglane for etteroppgjer

2.1 Generelt

Vederlagsberekninga er basert på årets nettoinntekt. Sidan kommunen krev løpande vederlag, må årets inntekt stipulerast til det ein trur vil vere rett vederlag på bakgrunn av bebuaren sin økonomi. Det er først ved årets utløp eller på eit endå seinare tidspunkt at ein sikkert kan slå fast den rette nettoinntekta. Ettersom det kan skje endringar i t.d. pensjon, renteinntekter, utlikna skatt mm. i løpet av året, er det stor mulegheit for at det førehandsstipulerte berekningsgrunnlaget ikkje er heilt rett.

For at vederlaget skal blir korrekt utrekna, er ei kontrollberekning med eit eventuelt etteroppgjer difor nødvendig.

I forskrift om eigendel § 3 skal det gjennomførast ny berekning og eventuelt eit etteroppgjer av eigenandelberekninga dersom:

- Bebuaren sin økonomiske situasjon endrar seg vesentleg
- Tidlegare vedtak viser seg å bygge på feil opplysningar
- Skatteoppgjeret for føregåande år viser at det ikkje er rekna rett eigenandel

Hovudregelen er at nytt vedtak ikkje kan gjevast tilbakeverkande kraft, med følgjande unntak:

- Der det er gitt varsel
- Vedtaket blir endra til bebuar sin gunst
- Når forskrifta blir endra
- Feilaktige eller tilbakehaldne opplysningar

Dersom nye utrekningar viser at bebuar har betalt for mykje vederlag, har kommunen plikt til å tilbakebetale dette. Viser det seg at bebuaren etter nye utrekningar blir

skyldig vederlag, har kommunen etter forskrifta § 3, 6. ledd ein rett, men ikkje plikt, til å krevje beløpet. Dersom kommunen krev tilbakebetaling frå bebuar, skal kommunen ta omsyn til bebuaren sin noverande evne til å betale eit eventuelt etterbetalingskrav, jfr. vederlagsforskrifta § 5, 4. ledd.

2.2 Tidspunkt for krav om tilbakebetaling ved etteroppgjær

Reglane om etteroppgjær er også eit unntak frå hovudregelen om at nytt vedtak ikkje kan gjevast med tilbakeverkande kraft.

I samsvar med god forvaltningsskikk, bør eit tilbakebetalingskrav settast fram så tidleg som muleg. Det går ikkje fram av forskrifta noko strengare foreldingsreglar enn kva som følgjer av lov om forelding, dvs. normalt 3 år. På bakgrunn av dette, vil eit krav frå kommunen om tilbakebetaling vere gyldig så lenge det er innan fristen for forelding.

2.3 Opphøyr av institusjonsopphald - dødsbu

Plikta til å betale eigenandel gjeld til og med den dagen institusjonsopphaldet opphøyrer. Ved avslutta institusjonsopphald må kommunen foreta eit etteroppgjær og sørkje for at for mykje innkrevd eigendel blir betalt tilbake til bebuaren/arvingane/dødsbuet. Eventuelt kan kommunen krevje inn for lite betalt eigendel. Når bebuar dør, er det berre inntekt fram til dødsdagen som skal vere med i vederlagsutrekninga. Inntekter etter dødsdagen høyrer til arvingane/dødsbuet.

Kommunen sin rett og plikt til å foreta etteroppgjær opphøyrer ikkje ved bebuar sin død. Omsynet til korrekt fastsett vederlag vil framleis gjelde. Sjølv om dødsbuet er eit nytt rettssubjekt, er det ikkje grunn til å gje dødsbuet/arvingane andre rettar og større vern enn det bebuaren sjølv hadde. Bebuar og dødsbu skal difor i utgangspunktet sidestillast når det gjeld etteroppgjærreglane.

Privat skifte er det vanlegaste når det gjeld oppgjær etter avdøde. I ein slik situasjon trer arvingane inn i avdøde sine rettar og plikter, jfr. skiftelova § 78. Dødsbuet/arvingane overtar avdøde sine eigendelar og gjeld, og det blir utstedt skifteattest for dette. Kreditorar kan då krevje dekning for sine krav mot avdøde hos kvar enkelt arving. Krav kan framsetjast sjølv om arvingane opplyser at buet er «gjort opp» og fordelt. Unntak frå dette gjeld dersom det er utstedt proklama. Krav på avdøde må då meldast innan 6 veker. Krav som ikkje er meldt innan fristen, vil bortfalle. Dette vil også gjelde for vederlagskrav.

Offentleg skifte er eit alternativ til privat skifte. Det medfører at tingretten eller byfuten (tidligere skifteretten) tek hand om skiftet og oppnemner ein advokat som styrer det. Offentleg skifte er aktuelt dersom:

- Ingen av arvingane vil ta ansvar for avdøde si gjeld
- Arvingane er usamde
- Ein kreditor krev offentleg skifte
- Avdøde har bestemt i sitt testament at det skal vere offentleg skifte

Når alle spørsmål vedkomande bubehandlinga er avklart - herunder tvistar, dekking av avdøde si gjeld, m.v, vil bubestyrar oversende saka til tingretten som avsluttar det offentlege skiftet med ei slutning og utlodning (fordeling) til arvingane.

3. Kommunerevisjonen sin gjennomgang av etteroppgjera for åra 2012 og 2013

3.1 Generelt

Kommunerevisjonen har gått igjennom etteroppgjera for åra 2012 og 2013. I alt er det gjennomgått 44 oppgjer. Kommunerevisjonen har merknader til 9 av desse. Det er same feilen som er avdekt i alle sakene.

Ved gjennomgangen, har kommunerevisjonen også kontrollert den «tekniske utrekninga» av vederlaget knytt til nytt vedtak. Dersom ein ser vekk i frå om at nytt vedtak ikkje kan ha tilbakeverkande kraft for bebuar, framstår desse som rett utrekna.

Kommunerevisjonen kommenterer berre avvik i dette notatet.

3.2 Gjennomgang av kvart enkelt etteroppgjer

Nedanfor vil kommunerevisjonen gå igjennom kvart enkelt av desse i anonym form.

Bebuar nr. 1 - Fakta:

I følge vedtaket om vederlag for langtidsopphald, datert 16.12.2013, skal bebuaren betale vederlag frå 13.01.2014. I samband med etteroppgjeret for 2013, er tidsrommet for betaling gjort gjeldande frå 13.10.2013.

Kommunerevisjonen si vurdering:

Hovudregelen er at nytt vedtak ikkje kan gjevast tilbakeverkande kraft, når det er Ørskog kommune som har gjort feilen. I dette tilfellet har kommunen gjennom nytt betalingsvedtak

endra tidspunkt for når bebuar skal betale vederlag for opphaldet med 79 dagar. Etter forskrift om eigenandel § 3 kan eit vedtak som er til ugunst for bebuar ikkje gjevast tilbakeverkande kraft.

I første betalingsvedtak vart det gitt ei betalingsfri periode på 79 dagar, som bebuar etter minstekravet ikkje har krav på. Kommunen står imidlertid fritt til å gi lengre betalingsfri periode enn det som følgjer av lova. Det at Ørskog kommune ved ein saksbehandlingsfeil har gitt ei betalingsfri periode, er kommunen sitt ansvar.

Kommunerevisjonen sin konklusjon:

Feilen medfører at Ørskog kommune utan heimel har kravd bebuaeren kr 27 591,- i for mykje vederlag til Ørskog kommune.

Bebuar nr. 10- Fakta:

I følgje vedtaket om vederlag for langtidsopphald, skal bebuaeren betale for langtidsopphald i frå 16.03.2012. Ørskog kommune har kravd vederlag frå 04.03.2012.

Kommunerevisjonen si vurdering:

Ørskog kommune har kravd betaling for 12 dagar meir enn kva vedtaket går ut på.

Kommunerevisjonen sin konklusjon:

Feilen medfører at Ørskog kommune utan heimel har kravd bebuaeren kr 5 032,- i for mykje vederlag til Ørskog kommune.

Bebuar nr. 11 - Fakta:

I følgje vedtaket om vederlag for langtidsopphald, datert 10.10.2013, skal bebuaeren betale vederlag frå 01.11.2013. I samband med etteroppgjeret for 2013, er tidsrommet for betaling gjort gjeldande frå 16.09.2013.

Kommunerevisjonen si vurdering:

Hovudregelen er at nytt vedtak ikkje kan gjevast tilbakeverkande kraft, når det er Ørskog kommune som har gjort feilen. I dette tilfellet har kommunen gjennom nytt betalingsvedtak endra tidspunkt for når bebuar skal betale vederlag for opphaldet med 45 dagar ekstra. Etter forskrift om eigenandel § 3 kan eit vedtak som er til ugunst for bebuar ikkje gjevast tilbakeverkande kraft.

I første betalingsvedtak vart det gitt ei betalingsfri periode på 45 dagar, som bebuar etter minstekravet ikkje har krav på. Kommunen står imidlertid fritt til å gi lengre betalingsfri periode enn det som følgjer av lova. Det at Ørskog kommune ved ein saksbehandlingsfeil har gitt ei betalingsfri periode, er kommunen sitt ansvar.

Kommunerevisjonen sin konklusjon:

Feilen medfører at Ørskog kommune utan heimel har kravd bebuaren kr **22 804,-** i for mykje vederlag til Ørskog kommune.

Bebuar nr. 16 - Fakta:

I følgje vedtaket om vederlag for langtidsopphald, datert 12.12.2013, skal bebuaren betale vederlag frå 13.01.2014. I samband med etteroppgjeret for 2013, er tidsrommet for betaling gjort gjeldande frå 11.12.2013.

Kommunerevisjonen si vurdering:

Hovudregelen er at nytt vedtak ikkje kan gjevast tilbakeverkande kraft, når det er Ørskog kommune som har gjort feilen. I dette tilfellet har kommunen gjennom nytt betalingsvedtak endra tidspunkt for når bebuar skal betale vederlag for opphaldet med 20 dagar. Etter forskrift om eigenandel § 3 kan eit vedtak som er til ugunst for bebuar ikkje gjevast tilbakeverkande kraft.

Kommunerevisjonen sin konklusjon:

Feilen medfører at Ørskog kommune utan heimel har kravd bebuaren kr **7 893,-** i for mykje vederlag til Ørskog kommune.

Bebuar nr. 17 - Fakta:

I følgje vedtaket om vederlag for langtidsopphald, datert 30.05.2012, skal bebuaren betale vederlag frå 28.05.2012. I samband med etteroppgjeret for 2012, er tidsrommet for betaling gjort gjeldande frå 09.04.2012.

Kommunerevisjonen si vurdering:

Hovudregelen er at nytt vedtak ikkje kan gjevast tilbakeverkande kraft, når det er Ørskog kommune som har gjort feilen. I dette tilfellet har kommunen gjennom nytt betalingsvedtak endra tidspunkt for når bebuar skal betale vederlag for opphaldet med 49 dagar ekstra. Etter forskrift om eigenandel § 3 kan eit vedtak som er til ugunst for bebuar ikkje gjevast tilbakeverkande kraft.

I første betalingsvedtak vart det gitt ei betalingsfri periode på 49 dagar, som bebuar etter minstekravet ikkje har krav på. Kommunen står imidlertid fritt til å gi lengre betalingsfri

periode enn det som følger av lova. Det at Ørskog kommune ved ein saksbehandlingsfeil har gitt ei betalingsfri periode, er kommunen sitt ansvar.

Kommunerevisjonen sin konklusjon:

Feilen medfører at Ørskog kommune utan heimel har kravd bebuaren kr **16 903,-** i for mykje vederlag til Ørskog kommune.

Bebuar nr. 19 - Fakta:

I følge vedtaket om vederlag for langtidsopphald, datert 29.04.2013, skal bebuaren betale vederlag frå 01.05.2013. I samband med etteroppgjering for 2013, er tidsrommet for betaling gjort gjeldande frå 11.04.2013. Endringsvedtaket vart klaga inn til fylkesmannen i Møre og Romsdal, som gav klagaren medhald i vedtak av 09.04.2015.

Kommunerevisjonen si vurdering:

Hovudregelen er at nytt vedtak ikkje kan gjevast tilbakeverkande kraft, når det er Ørskog kommune som har gjort feilen. I dette tilfellet har kommunen gjennom nytt betalingsvedtak endra tidspunkt for når bebuar skal betale vederlag for opphaldet med 20 dagar ekstra. Etter forskrift om eigenandel § 3 kan eit vedtak som er til ugunst for bebuar ikkje gjevast tilbakeverkande kraft.

Kommunerevisjonen sin konklusjon:

Feilen medfører at Ørskog kommune utan heimel har kravd bebuaren kr **7 209,-** i for mykje vederlag til Ørskog kommune.

Bebuar nr. 25 - Fakta:

I følge vedtaket om vederlag for langtidsopphald, datert 16.03.2012, skal bebuaren betale vederlag frå 16.03.2012. I samband med etteroppgjering for 2012, er tidsrommet for betaling gjort gjeldande frå 01.03.2012.

Kommunerevisjonen si vurdering:

Hovudregelen er at nytt vedtak ikkje kan gjevast tilbakeverkande kraft, når det er Ørskog kommune som har gjort feilen. I dette tilfellet har kommunen gjennom nytt betalingsvedtak endra tidspunkt for når bebuar skal betale vederlag for opphaldet med 15 dagar. Etter forskrift om eigenandel § 3 kan eit vedtak som er til ugunst for bebuar ikkje gjevast tilbakeverkande kraft.

I første betalingsvedtak vart det gitt ei betalingsfri periode på 15 dagar, som bebuar etter minstekravet ikkje har krav på. Kommunen står imidlertid fritt til å gi lengre betalingsfri periode enn det som følgjer av lova. Det at Ørskog kommune ved ein saksbehandlingsfeil har gitt ei betalingsfri periode, er kommunen sitt ansvar.

Kommunerevisjonen sin konklusjon:

Feilen medfører at Ørskog kommune utan heimel har kravd bebuaren kr 5 065,- i for mykje vederlag til Ørskog kommune.

Bebuar nr. 32 - Fakta:

I følgje vedtaket om vederlag for langtidsopphald, datert 29.04.2013, skal bebuaren betale vederlag frå 01.05.2013. I samband med etteroppgjeret for 2013, er tidsrommet for betaling gjort gjeldande frå 14.03.2013.

Kommunerevisjonen si vurdering:

Hovudregelen er at nytt vedtak ikkje kan gjevast tilbakeverkande kraft, når det er Ørskog kommune som har gjort feilen. I dette tilfellet har kommunen gjennom nytt betalingsvedtak endra tidspunkt for når bebuar skal betale vederlag for opphaldet med 48 dagar. Etter forskrift om eigenandel § 3 kan eit vedtak som er til ugunst for bebuar ikkje gjevast tilbakeverkande kraft.

I første betalingsvedtak vart det gitt ei betalingsfri periode på 48 dagar, som bebuar etter minstekravet ikkje har krav på. Kommunen står imidlertid fritt til å gi lengre betalingsfri periode enn det som følgjer av lova. Det at Ørskog kommune ved ein saksbehandlingsfeil har gitt ei betalingsfri periode, er kommunen sitt ansvar.

Kommunerevisjonen sin konklusjon:

Feilen medfører at Ørskog kommune utan heimel har kravd bebuaren kr 17 759,- i for mykje vederlag til Ørskog kommune.

Bebuar nr. 34 - Fakta:

I følgje vedtaket om vederlag for langtidsopphald, datert 08.10.2012, skal bebuaren betale vederlag frå 01.09.2012. I samband med slutttoppgjer etter dødsfall 14.11.2012, har kommunen nytta 318 inntektsdøgn.

Kommunerevisjonen si vurdering:

Ved oppgjeret har Ørskog kommune lagt inn inntekter til og med 30.11.2012. I fagsystemet gir dette 336, medan kommunen har nytta 318. Fakturerbare døgn er korrekt, men inntektsgrunnlaget blir for høgt.

Kommunerevisjonen sin konklusjon:

Feilen medfører at Ørskog kommune har kravd dødsbuett kr 1 400,- i for mykje vederlag til Ørskog kommune.

3.4 Kommunerevisjonens oppsummering av etteroppgjera 2012 - 2013

Feila som er avdekka, viser at Ørskog kommune etter kommunerevisjonens vurdering har kravd inn kr 111 656,- i for mykje vederlag i tilknytning til etteroppgjere for 2012 og 2013. Av dette er kr 46 159,- knytt til manglar i etteroppgjeret for 2012, medan kr 65 497,- er knytt til 2013.

4. Kommunerevisjonen sin gjennomgang av etteroppgjere knytt til tidlegare saksbehandlar

Manglande gjennomføring av etteroppgjere har for 2012 og 2013 si årsak i den interne organiseringa av arbeidet i Ørskog kommune. Ørskog kommune har etter det kommunerevisjonen kan sjå, ikkje gjennomgått (kvalitetssikra) dei sluttoppgjera som tidlegare saksbehandlar har gjennomført. I alt gjeld dette 5 oppgjere. Det er Ørskog kommune som er ansvarleg for å sikre at desse er rett utrekna. Med bakgrunn i dei manglane som elles er avdekka, burde rådmannen sørgje for at også desse vart sett nærare på av kommunen.

Kommunerevisjonen har gått igjennom etteroppgjera gjort av tidlegare saksbehandlar. Fleire av desse oppgjera manglar opplysningar om korleis dei er utrekna. Med bakgrunn i den kunnskap ein hadde om sviikt i rutine, burde også desse oppgjera vore gjennomgått av rådmannen saman med etteroppgjera for 2012 og 2013.

5. Rutinar for berekning av opphaldsvederlag ved Ørskog Sjukeheim

Rådmannen har utarbeidd skriftlege rutinar for berekning av opphaldsvederlag ved Ørskog Sjukeheim. Ansvarleg for rutinane er økonomikontoret i samarbeid med einingsleiaren ved sjukeheimen. I rutinane er det gitt ei trinnvis forklaring med opplysning om kven som er ansvarleg på dei ulike trinna i prosessen knytt til berekning av opphaldsvederlag.

Kommunerevisjonen har gått i gjennom rutinane, og har ingen merknader til desse. Rutinane følgjer som eige vedlegg til dette notatet.

6. Kommunerevisjonen si oppsummering – konklusjonar

Det er lite i kommunerevisjonen sin gjennomgang som tyder på at feila som er avdekt har sitt opphav i at tidlegare vedtak viser seg å bygge på feil opplysningar frå bebuar si side.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i si vurdering i ei klagesak, uttalt følgjande:

«Utgangspunktet er at kommunen er bundet av sitt eget vedtak. Om kommunen ikke har hjemmel i lov kan vedtak bare endres om det er ugyldig.»

Egenandelforskriften gir bare hjemmel til å endre vedtak når stipuleringen av inntekt og utgifter for beboeren var feil. Forskriften gir ikke hjemmel til å endre tidsrommet for betalingen. Spørsmålet blir derfor om vedtaket var ugyldig på grunn av tidsrom for betaling.»

I fylkesmannens vurdering i forhold til om vedtaket som endra tidsrom for betaling var ugyldig, vart det peikt på at kommunen står fritt til å gi lengre betalingsfri periode enn det som følgjer av lova. Kommunen har derfor ikkje gått ut over sitt mynde eller handla i strid med reglane om eigendel. Det at kommunen ved ein feil har gitt bebuaren ein større rett enn minstekravet ein har krav på, må Ørskog kommune sjølv bere risikoen for. Det første vedtaket var ikkje ugyldig på grunn av tidsrommet for betaling. Ørskog kommune var derfor bunden av sitt opprinnelige vedtak om tidsrom for betaling, dvs. ein kunne ikkje gjere nytt vedtak til ugunst for bebuar.

Kommunerevisjonen sin gjennomgang viser at dei fleste sakene er knytt til saker der Ørskog kommune har endra starttidspunktet for betaling av vederlaget i høve opprinnelig vedtak. For kommunerevisjonen framstår desse sakene å vere tilsvarande den saka fylkesmannen i Møre og Romsdal i brev av 09.04.2015 gav klagar medhald i, jfr. ovanfor.

Av omsyn til prinsippet om likebehandling, burde Ørskog kommune etter kommunerevisjonen si vurdering gjennomgått alle desse sakene, og gjort nytt vedtak til gunst for bebuar. Dette heilt uavhengig av om bebuaren har klaga på vedtaket til fylkesmannen.

I tilknytning til etteroppgjera for 2012 og 2013, er det opplyst at når det gjeld allereie gjennomførte sluttoppgjer, valde ein å ikkje gjere endringar i desse med mindre det var mykje feil i oppgjeret. I dei tilfelle der det ikkje var gjort sluttoppgjer, skulle ein gå ut i frå dei datoane som var korrekte i høve KTP (korttidsplass) og LTP (langtidsplass). Ein skulle då sjå vekk i frå evt. «feil» vedtak som er gjort i tidlegare. Til grunn for denne vurderinga har prinsippet om likebehandling vore styrande.

Kommunerevisjonen kan ikkje sjå at dette er vurdert i høve reglane om etteroppgjer, jfr. kap. 2 ovanfor. Det er kommunerevisjonen si vurdering at praksisen referert ovanfor ikkje er i samsvar med reglane for etteroppgjer, jfr. vederlagsforskrifta § 3.

Rådmannen har sett i gang rutineendringar som skal betre kvaliteten på vederlagsberekninga. Med innføringa av fagsystemet Visma Profil til vederlagsberekning frå 01.08.2014, fekk ein full saksbehandling i eitt fagsystem. Det vil seie at registrering av korttidsopphald, langtidsopphald, ulike typar vedtak og rapportar for vederlagsberekning skjer i same system, jfr. vedlagte rutiner for berekning av opphaldsvederlag ved Ørskog Sjukeheim.

Kjetil Bjørnsen
Kommunerevisor

Randi Kalvatsvik
revisjonsrådgjevar

Vedlegg: Rutiner for berekning av opphaldsvederlag Ørskog Sjukeheim

Rutine for berekning av opphaldsvederlag Ørskog Sjukeheim

1. Føremål

Berekne opphaldsvederlag for opphald ved Ørskog Sjukeheim.

2. Ansvar og omfang

Økonomikontoret i samarbeid med einingsleiar Ørskog Sjukeheim.

3. Definisjonar

Automatisk trekk av opphaldsvederlag (betaling for opphald på institusjon) via NAV og fakturering frå Ørskog kommune.

4. Rutine

Trinn	Aktivitet	Ansvarleg
1.	Vedtak om forlenga korttidsplass (KTP), over 60 døgn, eller vedtak om langtidsplass (LTP) ved Ørskog Sjukeheim.	Inntaksnemnd; rådmann, einingsleiarane for sjukeheim og heimetenestene, kommuneoverlege og NAV Ørskog.
2	<p>Informasjon til brukar og/eller pårørende ang. endring i opphaldsbetaling frå KTP betaling (sum pr. døgn bestemt av sos. Departementet) til LTP betaling berekna frå inntekt.</p> <p>Innhente dokumentasjon, som skal leverast økonomikontoret:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Kopi av siste utbetaling frå NAV, eventuelt andre private pensjonar. 2. Kopi av siste likning. 3. Ved heimebuande ektefelle må same dokumentasjon leverast for dei. 4. «Grønt skjema» (nr. 701172 + 701171, nytt for kvart kalenderår) må fyllast ut av brukar/pårørende. <p>Dokumentasjon leverast til økonomikontoret</p>	Einingsleiar Ørskog sjukeheim
3	<p>Registrere i egenbetalingsmodulen i Profil, dei opplysningane som er mottekne ang. inntekt og frådrag.</p> <p>Opprette sak i Profil.</p> <p>Send info til brukar/pårørende ang. størrelse på opphaldsvederlaget. Legg ved berekningsskjema frå Profil.</p> <p>Ved LTP, send brev til NAV ang. flytting til institusjon.</p> <p>Ved LTP, send elektronisk melding til NAV</p>	Økonomikontoret

	for direkte trekk i trygdeytningane. Vederlags delen som er berekna frå priv. pensjon og kapitalinntekter, vert fakturert frå kommunen. Ved KTP med betaling som for LTP, skal heile vederlaget fakturerast frå kommunen	
4	<p>Nye vedtak ved endring i inntekt/frådrag</p> <p>Ved endring av:</p> <p>Grunnbeløp (Mai)</p> <p>Fribeløp (Januar)</p> <p>Og elles, dersom det kjem nye opplysningar som får konsekvens for størrelsen på opphaldsvederlaget</p> <p>Etteroppgjer</p> <p>Ved ny likning, for dei fleste i juni månad, skal det lagast etteroppgjer for gjeldande likningsår. Dei som har betalt for lite får faktura på beløpet, har dei betalt for mykje vert dette utbetalt til brukar.</p> <p>Ved utflytting ved dødsfall eller anna grunn, skal det lagast etter/sluttoppgjer. Om det vert levert førehandslikning, og andre naudsynte dokument, kan sluttoppgjeret utførast omgåande etter mottak. Dei som ikkje leverer slike dokument, får etter/sluttoppgjeret utført når likninga for det aktuelle året føreligg.</p> <p>Sluttoppgjeret skal kontrollerast av økonomisjef før utsending.</p>	Økonomikontoret

5. Referansar.

- Vedtak i Ørskog kommunestyre i K-sak 110/93, opphaldsvederlag skal reknast etter lova sine maksimalsatsar
- Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester fastsatt av Helse og omsorgsdepartementet 16. desember 2011, med heimel i lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. av 24. juni 2011 nr. 30 §
- Litteratur: Boka: «Betaling for beboere i institusjon» Forf. Åsmund Edvardsen og Leif Kåre Helland

6. Vedlegg

Ingen.